

Ullablues

Original tittel: "Løvsøyblues"

Original tekst og mel: Hallgeir Remme

Lokal tekst: Hallgeir Remme & festkomiteen

Mej set utpå Ullahammar'n å ser
på anj Jo-Karl Martin å det han gjer,
han tjillja stein, ifrå rase å nej om vein
Å mej høyre han ropa:
"Vilkje dei bygge brua her, ska ej bygg' ho sjøl".

Siste helgja i Juli e de Ullafest,
der allje so e her e heidersgjest,
mej grillja mat, so e nøkk tej allje fat.
Ditte e enj tradisjon som mej må ta vare på.

På Ullja der he mej Kabel-TV,
men de'kje allje so ser før de.
De mykje snøv, før ikkje å snakke om bære tøv.
Å mej høyre dei ropa:
"Nåkkinj skulde gjort nåkke me de".

Ut på Svesjlingane ligg der eit teineset.
I styggeveret dei gjorde sej ett slet.
No e dei vekk, ette uveret i juni mej fekk.
Når ej finn dei i sommar,
(so) e dei sikkert fullj ta hommar.

I krananje på Ullja der kom de ett sus.
Det va nåkke blånt so spruta ut.
De ber' enn brus, før ikkje å snakke om eplejus.
Men endla kanj mej syngje Hestevatne Blues.

Anj Jo-Andreas han hadde ei ku.
Han bytte ho ut med ei gammal sjøbu.
Anj reiv ho nej, å anj bygde ho oppate.
Resultate veit mej allje:
Verdas beste sommardykkarsportssted.

Nej på Ulljahammarn der e de enj stamp.
Enj rond å go en me mykje damp.
Et kultursjokk! He naboanje snart fått nok?
Mej høyre dei ropa: "Jøje mej. Tenk å bade i same
vatna."

Ut på Kvennhølminj der e de et fyr.
Ullafyrets Venner he laga mykje styr.
Å de e bra. Fyret må øss fortsatt ha.
Men øss synest gøtt at allje ska få vere me.

Rondt om nøva på husa innji Hammara.
Veks de opp mange nye plattinga.
Dei berre spør: "He dei alljesamen fått løv?"
Innpå teknisk etat syng dei: "Ulljaplatting Blues".

Ut på Ulljahammarn e de uljeeventyr.
Anj Diffen å karanje e i flamme å fyr.
Mej he fått øss grus, før ikkje å snakke om ulljegrus.
Før i 2005 syng mej Ulljagrus Blues.

Mej set utpå Ulljahammarn å ser.
På sola so fin når ho gjeng ne.
Ka de so skjer? Kvite venga overalt du ser.
Å gjønå blenking å sus.
Syng mej: "Vindmølle Blues".

Mej set utfør garasja hass Lars å ser.
På den nye antennå å de ho gjer.
Ho svaia fram å att å fram å attatte.
Viss ho stend her over vinter'n,
syng mej "Breiband Blues".

Nej på snuplass'n i Hammar'n sto bilane i kø
Tiine e' endra, mej he fått øss ny stø!
No e' dei vekk!
Ny parkeringsplass mej fekk
Å endla kannj mej feire Ullafestplass Blues!

Heim i gara der stend det eit skulehus
Me djupe røter og historisk sus
Der he dei gått
Generasjonane he visdom fått
Og i tjuenullni syng me Ulla Skulehus Blues!

Utpå Ullja der he øss fått øss nye bud.
De he'kje oss hatt sia ho Olga å anj Knut.
Dei selje klæ,
å litt ta kvart so fyllje me!
Å i totusen åti syng mej "Klæberje Blues"!

I romjula fekk mej øss damebesøk.
Ei rasande kjellje, et møneføk!
Ho reiv nej tak, knuste hamn å støveglas.
Anj Lars han ropa:
Ej vikkje ha besøk ta na Dagmar nåkke meir.

Månge nye naboer med flyttelass,
Frå øvst ti nest e dei no på plass.
Velkomne her
Allje dåkke frå fjern å nær.
På lygarbenkjin e de allti plass ti fleir.

Nej på Ulljasanden, der e de et lag,
so hive ta sej klæna kvar einastte dag,
Dei vaspa ut, å dei plaske injatte.
Å anj Lars hanj ropa –
«De'kje allje so bada før'de».

Nej om Hammarn, der he øss fått øss ei bud,
skifta ut snopet med ny kultur,
Øss samlast der,
der hanj Bjørn og ho Randi er,
Øss høyre dei ropa: «Passa det? PASSA STØTT!»

Øss set børt på Ulljabrua å ser;
Anj Tyri-Hans legg skifer,
anj veit ka anj gjer.
Øss berre spør: Bli det trankokeri som før?
Ho Eva Kristin svara: NEI!